

Appell 1 NM klubblag 2009

Lovutvalet (LU) har handsama ein appell frå NM klubblag 2009. Etter hjarter ess i utspel følgde speleførar på frå bordet med éin gong, og Aust bruka lang tid før han la hjarter 4. Vest fann deretter skiften til ruter for å beite kontrakten.

LU vil først kommentere at speleførar bør bruke litt tid i stikk 1, for i størst mogleg grad å unngå slike situasjonar.

Aust har avvike frå normalt tempo ved å bruke tid før han spela hjarter 4. Tenkepausen fortel Vest at Aust ikkje har hjarter dame – da kjem den minste hjarteren á tempo. Denne informasjonen, som Vest ikkje har lov til å utnytte, indikerer at det er rett å skifte. Vest kan etter § 16 ikkje velje eit logisk alternativ som er indikert av urettmessig informasjon. LU finn – etter å ha vurdert spelet – at fortsetjing i hjarter er eit logisk alternativ (dette blir stetta av at 5 av 7 bord i 3 NT vann kontrakten). LU dømmer difor at Vest etter UI frå makker ikkje kan skifte farge i stikk 2.

Dom: 3 NT S =, NS +400.

Trondheim, 23. mai 2009

Ivar Berg

For Lovutvalet